



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

## **Oppnemning av setjefylkesmann for handsaming av klagesak - Lindås – Gnr. 174 bnr. 24 - Totland – dispensasjon til naust**

Vi viser til brev frå Lindås kommune datert 26.10.2018.

Saka gjeld søknad om oppføring av naust med bygd areal (BYA) på ca. 32 m<sup>2</sup> på eksisterande naustetomt på gnr. 174 bnr. 24 Totland. Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-føremålet (landbruk-, natur- og friluftsføremålet) i kommuneplanen sin arealdel og frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8.

Søknad om dispensasjon vart i administrativt vedtak saksnr. 370/18 datert 17.07.2018 avslått.

Tiltakshavar klaga på vedtak i brev datert 26.07.2018.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet den 29.08.2018, saknr. 098/18. Klagen vart tatt til følgje og det vart gjeve dispensasjon til naust.

Vedtaket er klaga på av Fylkesmannen i Hordaland i brev datert 13.09.2018.

I brev datert 24.09.2018 er det gjeve utsatt iverksetjing av dispensasjonsvedtaket.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 17.10.2018, der Lindås kommune sitt vedtak datert 29.08.2018 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Ivar Hopland	Risåsen 9	5912	SEIM